

VOSSA JAZZ



10.-12 april 87 **Billettar:** frå 2.3 **Boks 223, 5701 Voss Tlf. 05/51 00 55 (16.00-18.00)**

VELKOMMEN
Til VOSSA JAZZ 1987

Den 14. Vossa Jazz-festivalen står for tur, og styret ynskjer med dette musikarar, publikum og presse hjarteleg velkomne. Me vonar de vil ha nokre gilde dagar på Voss.

Programmet i år er fatisk det mest omfattande me nokonsinne har hatt, og den kunstnarlege spennvidda er tilsvarande stor.

Programpolitikken til Vossa Jazz har vore, og er framleis å presentera musikk/litteratur av topp kvalitet. Vidare har me alltid eit vake auge for nye straumdrag i tida. Jazzen er internasjonal, og Vossa Jazz freistar å spegla av dette forholdet. I så måte er engasjementet av Ganelin trio ein milepæl. Sovjetisk jazz er i fylgje sakunnige svært mangfaldig og spanande, og Vossa Jazz vonar å kunna fylgja opp til neste år.

Teikn i tida tyder på at jazzen som kunstform er i ferd med å koma ut av «skyggenes dal». Suksessen til filmen «Round about midnight» og det faktum at Courtney Pine's debut-LP kjem inn på Englands Top 40 er indikatorar på dette. Men – om ikkje dei postmodernistiske dystopiane skal gå i oppfylling, treng ein festivalar og jazzklubbar. La desse institusjonane bli hovudsak, og la filmar som «Round about midnight » eller videoar som Miles' «Tutu» få status som krydder eller garnityr. Jazzen som kunstform har best av det! Det har du og.

VEL MØTT.

Sats: Voss Prenteverk / Voss Offset Montasje: Voss Offset Trykk: Voss Offset


benetton
MADE IN ITALY

Portvn. 2 med Eli Ryg



Portvn. 2, den store TV-sucsessen sidan 85, har nå startet opp ny serie på 64 episoder.
Vossa Jazz har vært så heldige å få tak i Eli Ryg til årets festival. Søndag 12. april kl. 14.00 og 16.00 på Voss Gymnas, kan barn og vaksne få oppleva Eli.
Forestillingen er beregnet på hele familien. Eli vil trekke med publikum gjennom hele forestillingen.
Bjørn Tornhaug musiker og komponist for både Portvn.2 og Labbetuss, kommer også.
Portvn. 2 er en varm og engasjerende serie som bygger på tema årstidene, det har et pedagogisk innhold, uten å bli kjedelig. «Kjære foreldre, kjøp bill. i god tid. Ta ikke sjansen på at forestillingene er utsolgt på søndag»

Se Programbladet for mere stoff.

TBK

TBK - Televerkets konkurranseorganisasjon

TBK

TBK-Bergen - Damsgårdsgt. 131 - 5031 Laksevåg - Tlf. (05) 34 82 00



Dag Arnesen Ensemble

Dag Arnesen - komponist, piano
Elvin Jones - trommer
Palle Danielsson - bass
Odd Riisnæs - saksofon
Petter Kateraas - trompet
John Surman - saksofon
Knut Riisnæs - saksofon
Frode Thingnæs - trombone

Sidan festivalen i 1983 er det kvart år blitt urframført tingingsverk under Vossa Jazz. Vi kan vel ta sjansen på å kalle dette ein tradisjon no? Desse spesialkonsertane har resultert i mykje spennande musikk. Det er difor – naturleg nok – knytt forventningar til årets «Vossa Jazz-komponist», Dag Arnesen og konserten hans.

Fram til 1983 var Dag Arnesen ein av dei sentrale musikarane i Bergens nyare jazzhistorie. Han var leiar for grupper som varierte i format frå trio til septett. Dag Arnesen kom for alvor i søkelyset gjennom gruppa Ny Bris, som vart ein publikumsfavoritt av dei store. Bandet nådde å spele på dei fleste jazzfestivalane, og dei spelte inn ein LP på Odin. Seinare har Dag samarbeidd både med Knut og Odd Riisnæs, Susanne Fuhr, og ei rekkje andre. Ved sida av at han er ein dyktig pianist, har Dag også synt seg som ein original komponist for ei rekkje av dei gruppene han har spelt i. Som pianist spelte han g saman med gjestande musikarar i Bergen, og var bl.a. på lengre turnear med Joe Henderson.

Frå 1983 har Dag Arnesen halde til i Oslo. Der arbeider han i eigen trio, som teatermusikar, akkompagnatør, og i studiojob bar.

Det er berre ei musikkform me likar like godt som jazz:

Dei mjuke og velgjerande tonane som vert trylla fram på kassaapparata våre.

VELKOMEN TIL DAGLEG FESTSPEL HJÅ OSS

Du finn oss midt på Vangen!

L/L VOSS HANDELSLAG

Dag Arnesen Ensemble

Årets festivalkomponist har gjesta Vossa Jazz ved fleire høve tidlegare. Vi hugsar han frå gruppene Frøken Pirk (1976), Dag Arnesen Septett (1978), Ny Bris (1981) og Matarese Circle (1982). Også til konserten bandet hans gav i 1978, hadde Dag Arnesen spesialskrive musikk, som såleis fekk si urframføring på Vossa Jazz.

Dag Arnesen har no samla rundt seg eit band som verkar uhyre sterkt. Ved sida av fire sentrale norske jazzinstrumentalistar, finn vi det moderne jazztrommespelets far, Elvin Jones, og ein av Europas leiande multi-saksofonistar, John Surman. Elvin Jones spelte ei sentral rolle i John Coltranes kvartett, og har seinare leia sine eigne band i ei årrekkje.

Gøran Klinghagen Hip - Hop Ensemble



Gøran Klinghagen - gitar
Palle Danielsson - bass
Jon Balke - piano
Jon Christensen - trommer

Med sine 32 år er Gøran Klinghagen ein relativt ung svensk gitarist, og han blir av mange sett på som ein av dei mest interessante i heimlandet sitt. Stilistisk høyrer han heime blant dei moderne jazzgitaristane, og han har utvikla stor teknisk dugleik på instrumentet sitt. Gjennom bruken av gitarsynthesizer arbeider han også med dei klanglege moglighetene dette «nye» instrumentet gir. Gøran Klinghagen har markert seg som ein temperamentsfull solist, anten han framfører eigne komposisjonar eller han tolkar jazzstandards.

Gøran Klinghagens Hip Hop Ensemble er ei svensk-norsk forbrødring av beste merke. Palle Danielsson og Jon Christensen har tidlegare synt at dei fungerer framifrå saman, som medlemmer både av Jan Garbarek og Keith Jarrett sine kvartettar (1973-79). Bandet har gitt ut LPen «A Hip Hop», og er blitt mottatt med glimrande kritikkar for framføringane sine.

Jan Garbarek Group



Jan Garbarek – saksofonar Eberhard Weber – bass
Nana Vasconcelos - perkusjon Lars Jansson – tangentinstr.

Jan Garbarek har lenge vore den leiande saksofonisten i Norge, og kanskje den mest anerkjende norske jazzmusikar i utlandet. Gjennom samarbeid med folk som George Russell, Keith Jarrett, Charlie Haden, Egberto Gismonti o.a., har Jan Garbarek etablert seg som ein markant storleik på den internasjonale jazz-scena. Her heime har han betydd svært mykje dei siste 15 åra, særleg gjennom kvartetten med Terje Rypdal, Arild Andersen og Jon Christensen, som spela saman frå 1969 til 1972, og som vart det store musikalske førebiletet for alle unge jazzmusikarar i Norge på denne tida.

Det knyter seg alltid store forventningar til Jan Garbareks konsertar, men dei er kanskje endå større framfor årets konsert på Vossa Jazz enn på ei stund. Garbarek kjem med ein ny kvartett, som ikkje har spelt i Norge tidlegare. Etter fem år med ganske stabil besetning og samme instrumentering (sax, gitar, bass, trommer), er det no berre Garbareks mangeåreige samarbeidspartnar Eberhard Weber som framleis er med. Nye musikarar i denne høgst internasjonale gruppa er Nana Vasconcelos frå Brasil og Lars Jansson frå Sverige.

I 1974 var Jan Garbarek som musikar med på å starte opp jazzfestivalen på Voss, og kom tilbake og gav konsertar på Vossa Jazz også ved andre høve på 1970-talet. Det er med stor glede festivalen på ny kan ønskje han vel møtt.

Brazz Brør og Phil Minton



To brødrepar frå øya Sula, nærmare bestemt frå Langevåg, ser på papiret ut som det merkelegaste utgangspunkt ein kan tenkje seg for å starte eit jazzorkester. Men det umoglege er tydelegvis mogleg på dei kantar.

Musikarane i bandet er kjende frå bl.a. Ytre Suløens Jass Ensemble og frå Søyr. I Brazz Brør jobbar dei mykje med eigne komposisjonar, men også med eigne arrangement av kjende jazzlåtar. Brazz Brør er plateaktuelle i desse dagar med LPen »Brazzy Landscapes». Både på plata og til Voss har dei tatt med seg den engelske trompetaren og vokalisten Phil Minton. Mange vil nok hugse han frå fleire framføringar med Mike Westbrook sitt band. Han er kort og godt eit vokalistisk unikum. Maken finst det ikkje. Etter å ha høyrt Phil Minton, kan ein vere freista til å meine at synthesizarar er avleggs.

BRAZZY LANDSCAPE

NY LP/MC MED

BRAZZ BROS.

featuring

PHIL MINTON – vocal & EGIL BOP JOHANSEN – trommer

De hornblæsende brødre fra den lille øya Sula utenfor Ålesund, har gjort seg bemerket i det norske jazzmiljøet gjennom flere år, og i en rekke sammenhenger. De 3 eldste brødrene utgjør messingen i Ytre Suløens Jazz Ensemble, mens Runar og Jan Magne kanskje er noe mer ukjente for det store publikum. Jan Magne er dog allerede presentert på ODIN gjennom Søyrs «Cierny Peter».

Brazz Bros. er et band som nå i flere år har gjort seg bemerket gjennom sin frodige presentasjon av jazzens standard-repertoar, ispedd også en lang rekke egne komposisjoner. I de brassete rillene på denne LP'en speiles dette på en typisk måte. Førdebrødrene har bidratt med egne komposisjoner og arrangementer av de tre låtene: «Reincarnation of a Lovebird» (Mingus), «Sphinx» (Ornette Coleman) og «Blue Rondo a la Turk» (Brubeck). Sistnevnte et virkelig featurenummer for raske fingre og tungespisser. Få – om noen – gjør Stein Erik Tafjords tuba-arbeid rangen stridig.

I tillegg til de to brødre-par, er den engelske vokalisten Phil Minton og Egil Bop Johansen, invitert til denne produksjonen. Minton vil mange kjenne fra besøk i Norge med Mike Westbrooks orkestre og fra Bjørn Alterhaugs bestillingsverk til Stavanger Festdager i 1984. En høyst særpreget og sterk sanger som her arbeider med tekstmateriale av J. Garner. Egil Bop skulle det være unødvendig å presentere nærmere – den kanskje mest brukte trommeslager på norske jazzplater de siste år. I denne sammenhengen demonstrerer Egil ikke bare sin rytmiske perfeksjon, men også sitt smakfulle musikalske, kompositoriske talent.

Innspillingen er gjort i Norsk lydstudio med Roger Valstad som tekniker og medprodusent.

MC kommer. CD er foreløpig ikke planlagt utgitt.

Jarle Førde – trompet
Jan Magne Førde – trompet
Helge Førde – trombone



Runar Tafjaord – horn
Stein Erik Tafjord – tuba

MUSIKK
DISTRIBUSJON AS.
PLATOUSGT 11 2. N. 1900SLO 1

ODIN NJ 4020

ODIN

Wayne Shorter Quintet



Wayne Shorter - saksofonar
Jim Beard - tangentinstrument
Carl James - bass
Terri Lyne Carrington- trommer
Marilyn Mazur - perkusjon

Wayne Shorter fekk sitt definitive gjennombrot i Art Blakey's Jazz Messengers, der han spela frå 1959 til 1964. Deretter var han med i Miles Davis sin kvintett fram til 1969. I begge desse orkestra var han ein sentral leverandør av komposisjonar til gruppenes repertoar. Shorter er ein av dei mest betydningsfulle tenorsaksofonistane i generasjonen etter John Coltrane, som han i utgangspunktet var sterkt påverka av.

Frå 1971 til 1986 var Wayne Shorter saman med Joe Zawinul leiar for gruppa Weather Report. Dette bandet er eit av dei som klarde å kombinere kommersiell suksess med kreativ musikk innanfor jazzrock-genren. Dei låg heile tida i front med omsyn til den musikalske utviklinga på dette området.

Når Wayne Shorter no har satsa på ein solokarriere, er det knytt store voner til gruppene hans. Etter ein periode med noko ustabil besetning i bandet, kan ein no sjå fram til eit samspelt orkester. Truleg vil konserten gi ein peikepinn på i kva retning Wayne Shorter vil utvikle seg i tida framover.

Canon EOS er her!



EOS. Den nye generasjon autofokus speilreflekskamera fra Canon. **EOS** er raskere enn konkurrentene. **EOS** klarer seg med mindre lys enn konkurrentene. **EOS** har flere muligheter enn konkurrentene. **Canon EOS.**

Først nå har det blitt noen mening med autofokus speilreflekskamera!

Stikk innom, og la oss vise deg hva vi mener!

Canon
EOS
Power Eye Autofocus SLR

HERHEIM foto

SPESIALFORRETNING I FOTO OG FOTOARTIKLER

Kontanter heile døgret



KORT OG KONTANT

Minibanken finn du midt i sentrum ved Voss Handelslag



Vekselbanken

A.S Voss Veksel- og Landmandsbank

TLF. 05/51 18 22



Tone Hulbækmo med orkester


Tone Hulbækmo - song, harpe
Hans Fredrik Jacobsen - fl/git.
Rune Klakegg - tangentinstr.
Rob Waring - trommer
Trond Villa - fele

Tone Hulbækmo har markert seg sterkt dei siste åra med sine svært personlege tolkingar av norsk folkemusikk. Ho har også arbeidd med mellomaldermusikk i gruppa Kalenda Maya. Ho var med på å ta Spelemannsprisen i 1985 med mellomaldermusikk, i 1986 i gruppa for folkemusikk, og i år var ho nominert i klassen for musikkvideoar. Ho er med andre ord ei allsidig kvinne.

Tone Hulbækmo har synt vilje til å utforske nytt territorium med basis i folkemusikken, og ho er blitt eit kreativt «urosentrum» i norsk folkemusikkmiljø. Men ho vinn stadig nye tilhengjarar på grunn av sin gjennomførte musikalitet og kvaliteten i alt ho gjer. Det er g typisk at ho har med seg eit orkester med svært variert bakgrunn, både frå folkemusikk, folkerock, jazz og klassisk musikk.

Jazzkafé-opning

Arild Dahl



Arild Dahl er ein allsidig forfattar som har arbeidd både med lyrikk, prosa og dramatikk. Han debuterte med diktsamlinga «Motvind» i 1981. Med den frodige romanen «På dans!» vann han førstepris i Det Norske Samlagets underhaldningsromankonkurranse i 1985. Året etter kom novellesamlinga «Svevet over Haukeli», og i 1987 vart einaktaren «Var jeg en hopper» framført på Den Nationale Scene i Bergen.

Jon Fosse



Jon Fosse er eit av dei nye norske namna som har vilje – og evne til å gå utanfor dei breie litterære vegane. Han debuterte i 1983 med romanen «Raudt, svart», gav i 1985 ut «Stengd gitar», og i 1986 diktsamlinga «Engel med vatn i augene».

Jon Fosse arbeider for tida med ei hovudoppgåve i romanteori i allmenn litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen, i tillegg til at han er lærar ved Skrivekunst-akademiets eittårige prosakurs.

Trøystes-laus Hotell



Eller: Atle Hansen og Ragnar Hovland syng
og fortel om Kjærleik, Død og Ferjekaiar


Dette er eit laust program med Atle Hansen som syng og spelar gitar, munnspel, kazoo, og elles gjer det han finn for godt, og Ragnar Hovland som snakkar, spelar ein smule orgel, munnspel og kazoo, og syng når han ser sitt snitt til det.

Kabareten på årets Vossa Jazz er ei munter-melankolsk, lyrisk og svært musikalsk reise gjennom vestlandske fysiske og mentale landskap, der aktørane ikkje eit sekund gløymer sin barnelærdom og evangeliet frå Elvis eller coyotanes hyl under månen.

Samarbeidet mellom dei to er ei vidareføring av det som kom i stand med kabareten «Havet, Kjærleiken og Bøttefanten» (som bl.a. gjekk på Den Nationale Scene i 1986). Hovland har skrive dei fleste tekstane, og Hansen har stort sett laga musikken.

Nyleg har Hovland og Hansen gitt ut plata «Trøysteslaus Hotell» (Dr. Monk Plater 1986). Begge har deltatt på Vossa Jazz tidlegare i andre samanhengar.

A/S George
Rokne & Co.
5701 Voss



VANG

pensjonat

Uttrågt. - 5700 VOSS


BO BILLIG
BO SENTRALT
BO GODT
BO VANG

Vi leverer snitter
og selskapsmat

Tlf. (05)51 21 45


Bij
holder tonen

PARK
HOTEL
VOSS



Laila Dalseth
Totti Berg



Laila Dalseth - song
Egil Kapstad - piano
Espen Rud - trommer
Totti Bergh - tenorsaksofon
Terje Venaas - bass

Laila Dalseth er frå Bergen og debuterte offentleg allereie som 13-åring. Ho flytta til Oslo i 1960 og etablerte seg raskt som ei av landets fremste jazzsongarinner. Denne posisjonen har ho halde ved lag sidan den gongen. Laila Dalseth har vore aktiv på festivalar og konsertar over heile Europa. Spesielt har ho turnert mykje i Sverige, saman med musikarar som Arne Domnerus, Bengt Hallberg, Red Mitchell og Egil Johansen. I dag er Laila Dalseth ein moden vokalist med eit heilt personleg preg. Ho rår til fulle over den tradisjonen innan jazzen ho har valt å arbeide med, mainstream.

Totti Bergh har sitt musikalske utgangspunkt i tenoristar som Zoot Sims, Stan Getz og Al Cohn - med andre ord ei vidareføring av Lester Youngs musikalske ideal. Totti Bergh har vore aktiv sidan 1950-åra i jazzmiljøet i Oslo. Han framstår som ein moden improvisatør, og har hausta mange lovord, også i utlandet, for dei to siste plateutgjevingane sine. «I Hear a Rhapsody» kom i 1985, og «Tenor Gladness» vart laga saman med Al Cohn i 1986.

Dyktige som dei er, framstår musikarane i dette bandet til fulle som eksempel på at musikalsk røynsle ikkje er noko ulempe, men snarare ein føresetnad for ei vellukka framføring av jazz innanfor den tradisjonen dei jobbar med.

Anne-Marie Giørtz Band



Anne-Marie Giørtz - song
Vidar Johansen - saksofonar
Ole Henrik Giørtz - tangentins.
Finn Sletten - trommer
Olaf Kamfjord - bass

Anne-Marie Giørtz har i løpet av den siste femårsperioden etablert seg som ein av våre fremste jazzvokalistar. Bandet hennar har hatt berre ei utskifting i denne tida, og er såleis svært samspelt. Dei har gitt ut to LPar: «Tigers of Pain» (1985) og «Breaking Out» (1983). Anne-Marie Giørtz har ikkje vore opptatt av å farte land og strand rundt dei siste åra, men har til gjengjeld skaffa seg allsidig røynsle ved å medverke i ei rekkje revyar, musikalar og studiojobbar.

Musikken byggjer bandet på element frå så vel moderne jazz og jazz-rock, som frå rock. Sjølv om inspirasjonskjeldene er mange, har bandet funne fram til eit homogent musikalsk uttrykk. Dei fleste melodiane dei framfører, er skrivne av Ole Henrik Giørtz og Vidar Johansen, ofte med tekstar av Fran Landesman.

VOSSA JAZZ

kjøper
kontormaskiner
hjå

ERICSSON

bli
nøgd kunde
du óg!

VOSSA JAZZ
sine festivalbilar går på bensin frå

NOROL

Materiale til scenane på VOSSA JAZZ er levert av

Byggeservice a.s

HUS — TRELAST — BYGGEVARER

PB 335, 5701 VOSS — TLF. (05) 51 15 55



Ta heller toget!



En menneskeligere måte å reise på

VOSSA

FREDAG 10. APRIL:

17.00 Hotell Vossevangen Jazzkaféopning med **ARILD DAHL, JON FOSSE - opplesing: ATLE HANSEN/RAGNAR HOVLAND - mini-kabaret**

19.30 Voss Kino **Off. opning av forf. ERLING T. GJELSVIK**
BRAZZ BRØR & PHIL MINTON - Støtta av BRITISH COUNCIL

20.00 Framnes **ATLE HANSEN/RAGNAR HOVLAND - minikabaret, NORVALD TVEIT les Jakob Sande**

21.00 Park Hotell/Stationen **LAILA DALSETH/TOTTI BERGH**

21.00 Park Hotell/Leonardo **ANNE MARIE GIØRTZ BAND**

21.30 Hotell Vossevangen **CHEKASIN/TARASOV/ANDERSEN**

21.30 Fleischers Hotel **JOE LOUIS WALKER AND THE BOSS TALKERS Støtta av BENETTON**

01.30 Park Hotell/Nattklubb **IMITATIONS** (Leonardo) **Støtta av HELIWEST ERLING KRONER TENTET** (Stationen) **Støtta av TBK.**

LAURDAG 11. APRIL:

12.30 Hotell Vossevangen **Ope hus med KIM SMÅGE - oppl., JØRN SIMEN ØVERLI/ZBIGNIEW LIPINSKI - viser**

16.30 Voss Kino **Tingingsverk av DAG ARNESEN framført av DAG ARNESEN ENSEMBLE - Støtta av TBK**

19.30 Voss Kino **JAN GARBAREK GROUP - Støtta av NKP Forsikring**

21.00 Park Hotell/Stationen **LAILA DALSETH/TOTTI BERGH**

TBK NOROL benetton HELIWEST A·S

JAZZ-87

21.00 Park Hotell/Leonardo **SIDSEL ENDRESEN/JON EBERSON GROUP**
Støtta av NOROL

21.30 Hotell Vossevangen **CHEKASIN/TARASOV/ANDERSEN**

21.30 Fleischers Hotel **JOE LOUIS WALKER AND THE BOSS TALKERS**
Støtta av BENETTON

01.30 Park Hotell/Nattklubb **IMITATIONS** (Leonardo) **Støtta av HELIWEST**
ERLING KRONER TENTET (Stationen) **Støtta av TBK**

SUNDAG 12. APRIL:

13.00 Hotell Vossevangen **VLADIMIR VERSCININ/ISAK ROGDE viser**
OLA BAUER opplesing

14.00 Voss Gymnas **ELI FRA PORTVEIEN 2**

16.00 Voss Gymnas **ELI FRA PORTVEIEN 2**

17.30 Voss Kino **WAYNE SHORTER QUINTET**

20.00 Vangskyrkja **TONE HULBÆKMO m/ENSEMBLE Støtta av**
VEKSELBANKEN

21.00 Park Hotell/Leonardo **SIDSEL ENDRESEN/JON EBERSON GROUP**
Støtta av NOROL

21.00 Fleischers Hotel **GØRAN KLINGHAGENS HIP HOP ENSEMBLE**
Støtta av TBK

01.30 Park Hotell/Nattklubb, Stationen **JARI PERKIÖMÄKI m/BAND**
Støtta av TBK

- VOSSA JAZZ TEK ATTERHALD OM ENDRING I PROGRAMMET -

NKP FORSIKRING
NORSK KOLLEKTIV PENSJONSKASSE A.S

VB Vekselbanken
A.S Voss Veksel- og Landmandsbank

BRITISH COUNCIL

NORD JAZZ

RUSSISK

Vjatsjeslav Ganelin - tangentinstrument
Vladimir Chekasin - saxar Vladimir Tarasov - trommer

Ganelin-trioen har spelt saman sidan 1971, men vart først oppdaga av vestlege kritikarar under jazzfestivalen i Warszawa i 1976. Si første framføring i Vest-Europa hadde dei under Berliner Jazztage i 1980. Besetninga har vore den samme heile vegen og det er den fyrste gong trioen er i Noreg.

Dei norske jazzfestivalane har stått i kø for å skaffe seg denne trioen. Det er difor eit aldri så lite scoop frå Vossa Jazz si side å vere dei første til å presentere trioen.

Ganelin-trioen spelar innanfor ein slags 1960-talstradisjon. Men ettersom musikarane har bakgrunn frå russisk samtidsmusikk og klassisk musikk, kan ein nok vente eit høgst originalt uttrykk frå bandet. Ganelin-trioen har funne ein svært harmonisk balanse mellom intellektuell og emosjonell tilnærming til musikken. Eigentleg er det uråd å kategorisere bandet ut frå dei jazztradisjonar vi opererer med. Den stadige internasjonaliseringa av jazzen kan kanskje føre til at det også seinare vil dukke opp spennande grupper frå land ein ikkje er van med å oppsøkje når ein er på utkikk etter jazzband?

STOP PRESS! STOP PRESS!

I det programmet er i ferd med å gå i trykken får Vossa Jazz den leie meldinga frå Moskva - pianist Ganelin har brote armen. Dermed kan han ikkje stilla. Arrangørane trur likevel ein vil få ei musikalsk oppleving utan om det vanlege, då vår eigen ARILD ANDERSEN vil gå på scenen saman med Chekasin og Tarasov. Eit musikalsk topp-møte mellom aust og vest.

Kvalitets merkevarer til lågpris

Sparehuset A.S

TELEFON 05-51 38 30 — STRANDAVEGEN 12 — 5700 VOSS

VOSSA JAZZ bruker SCHIMMEL piano på klubbane!
Vi gratulerer!

Bergen Pianoforretning

Jon Sørsgrsgt. 9 - 5000 Bergen - Tlf. 23 06 92

Schicht & Co

LÅGPRIS

STALLEN

PUB


HOTELL
VOSSEVANGEN

TLF. 05/51 21 44
5701 VOSS

Visesonger frå
kl.20.00 - 23.30


VOSSA JAZZ
Hansa
for
enhver tørst

HELIWEST A·S



- **Anleggsflyging**
- **Jordbruksflyging (gjødsling, kalking og sprøyting)**
- **Ambulanse- og redningsflyging**
- **Taxiflyging**

Opererer helikopter med lasteevne opp til 3 tonn eller 13 passasjerer.

1 BELL 214 B1, 2 BELL 205 A1, 1 BELL 212
3 LAMA SA 315B og 2 AS 350 ECUREUIL

HELIWEST A·S

Bømoen · N-5700 Voss Tlf. (05) 51 52 05

Joe Louis Walker



Joe Louis Walker & The Boss Talkers

Joe Louis Walker – song, gitar
Kevin Zuffi – tangentinstr
Henry Oden – bass Steve Griffith – trommer

Joe Louis Walker frå San Francisco har spelt blues, soul og gospel i 20 år utan eigentleg å bli lagt særleg merke til. Han har spelt med folk som Mike Bloomfield, Mississippi Fred McDowell, Earl Hooker, Freddy King og Muddy Waters. Referansane skulle med andre ord vere i orden!

Med LPen «Cold Is the Night», som kom i fjor, vart publikum og kritikarar brått merksame på Joe Louis Walker. Han har no etablert seg blant dei fremste av bluesens «coming men» i USA. Ofte er han blitt samanlikna med Robert Cray, som gjesta Vossa Jazz i 1985. Sjølv står han likevel for ein noko «røffare» stil, både som vokalist og gitarist. Vokalisten Walker har nok utan tvil funne førebileta sine innanfor soul-musikken. Han er tydeleg inspirert av songarar som Wilson Pickett, Otis Redding og James Brown. Joe Louis Walker skriv sjølv dei fleste av dei låtane bandet framfører. Og musikken vekslar frå rockete låtar i høgt oppdrive tempo, til tradisjonsorienterte blues-balladar.

HARDANGER LYD
Tlf.054-66 113 5777 GRIMO

Utleige av høgtalar-anlegg,
orkesterutstyr, lydteknikar

Fleischer's



Tlf. 05/51 11 55
Telex: 40 470

Nattklubb

Erling Kroner Tentet



Erling Kroner - trombone, perkusjon, bandoneon
Kenneth Jensen - trompet Jens Winther - trompet
Axel Windfeld - tuba,basstromb. Michael Hove - altsax, fløyte
Jesper Nehammer - t/s-sax, fl. Per Goldschmidt - saxar, fl.
Anders Muller - piano Klavs Hovman - bass
Henrik Simonsen - trommer

Erling Kroner har vore aktiv musikar sidan 1959. I 1960-åra spelte han i hovudsak avant garde-jazz, seinare var han mykje med i storband. Han studerte ved Berkeley College of Music 1969-70 og 1973-74. Det første eigne bandet sitt starta han i 1967. Først i 1979 såg Erling Kroners første tentett dagens lys.

Erling Kroner har eit nært forhold til materiale av moderne jazzkomponistar som Charles Mingus og Thelonious Monk. Han har g vore på to turar til Argentina for å studere tango-musikk. Dette dannar på mange måtar ryggraden i musikken tentetten framfører, som i hovudsak er skriven av Kroner sjølv.

Musikalsk er Erling Kroner Tentet forankra i ein spennande tradisjon med »halvstore» orkester. Navn som Charles Mingus og Carla Bley ligg det nær å tenkje på. Men Kroners band er eit uhyre originalt orkester, med spennande komposisjonar og ikkje minst muligheter for bandets glimrande solistar til å slå seg laus.

Nattklubb




Øyvind Haugland - song Lasse Rossing - trompet
Olav Dale - saksofonar Morten Odeen - trombone
Kåre Sandvik - tangentinstr Hans Petter Gundersen - gitar
Yngve Moe - bass Magnar Torstad - trommer
Arne Moe Vindedal - perkusjon Tone Ljøkelsøy/Kristin Solberg - kor

Imitations

Imitations er eit nytt band frå Bergen. Berre ein månads tid før årets Vossa Jazz hadde dei sine første spelejobbar. Bandet tek sitt musikalske utgangspunkt i den delen av 1960-talets soul- musikk som blir assosiert med plateselskapet Tamla Motown, dvs. melodiar som vart gjort kjende av artistar som Marvin Gaye, Four Tops, Temptations, Supremes o.a. Mange av desse melodiane var signert komponist-troikaen Holland, Dozier og Holland.

Bandets pianist, Kåre Sandvik, har skrive arrangement til låtane spesielt for Imitations. Gruppa har satsa mykje på å skape eit visuelt uttrykk som står til musikken. Sjølv om både musikk og sceneframføring er stramt regissert, finst det rom for ein god porsjon improvisasjon og humor. Slik blir bandet ein «original kopi».

Jørn Simen Øverli/Zbigniew Lapinski



Jørn Simen Øverli er visesongar frå Oslo. I ei tid har han arbeidd med å omsetja polske viser, og i 1986 kom plata «Den Røde Bussen», med undertittel «en sangreise gjennom - Polen». Med seg på denne plata har Øverli fått den polske pianisten Zbigniew Lapinski. Lapinski er utdanna klassisk pianist, men har i eit intervju poengtert det nære tilhøve mellom folkemusikk og klassisk musikk.

Visene Øverli/Lapinski framfører er på det musikalske planet både dramatisk og sterkt rytmisk. Samspelet gitar/piano er svært tett og arrangementa kler melodi og tekst på ein særeigen måte.

Tekstane hentar sine tema frå polsk kvardagsliv. Den politiske undertrykkjinga er eit gjennomgangstema. Dette temaet vert handsama med ironi og humor, men den desperate livssituasjonen til dei menneska Øverli syng om, er tydeleg heile vegen. Øverli og Lapinskis viser kallar på solidaritet, ikkje medynk.

Kim Småge



Med debutromanen «Nattdykk» (1983) etablerte Kim Småge seg som ein av våre fremste spenningsforfattarar. Denne romanen fekk mykje god omtale, og Kim småge fekk også Rivertonprisen for beste spenningsroman 1983 med «Nattdykk».

Spenningsromanar har tradisjonelt hatt mannlege «heltar» eller hovudpersonar, men med «Nattdykk» viste Kim Småge at det var på tide denne tradisjonen vart broten her i landet.

I 1984 kom «Origo», og denne romanen viste at det ikkje var tilfeldig at Kim Småge har skapt seg eit svært godt namn som spenningsforfattar. I 1986 gav ho ut to bøker, romanen «Kainan» og ungdomsromanen «Figurene». Med «Figurene» vart Kim Småge ein av prisvinnarane i Aschehougs ungdomsromankonkurranse.

Sidsel Endresen/Jon Eberson group



Sidsel Endresen - song Jon Eberson - gitar
Bjørn Kjellemyr - bass Audun Kleive - trommer
Nils Petter Molvær - trompet

Jon Eberson har ei årrekkje stått sentralt i norsk jazz. Ved fleire høve har han vitja Vossa Jazz. Sist gong han var her, var i 1983 med det 14-mann store Jazz/Punk Ensemblet. I den seinare tida har han konsentrert seg mykje om Jon Eberson Trio, som turnerte over heile landet i byrjinga av dette året, i samband med trioens plateutgjeving på Odin: «Stash». For dei fleste er likevel Eberson best kjent frå Jon Eberson Group.

I dagens utgåve av Jon Eberson Group er Sidsel Endresen den einaste som er igjen av den opprinnelege besetninga. Ho har ei sentral rolle i gruppa, ikkje berre som vokalist, men også som tekstforfattar. Audun Kleive og Bjørn Kjellemyr spelar saman også i andre samanhengar: i Terje Rypdals band og i Jon Eberson trio. Nils Petter Molvær spelar også i Masqualero.



Velkommen til Voss & Vossajazz '87

Vestlandsbanken på Voss tar seg av alle bankforretningar på beste måte.

Reisevaluta.

EUROCARD VISA eurocheque



VESTLANDSBANKEN

Vangsgaten 35 - Tlf. (05) 51 37 00

Jari Perkiömäki

Jari Perkiömäki - alts./fl. Bjørn Kjellemyr - bass Dag Arnesen - piano Audun Kleive - trommer

Jari Perkimki er ein 26 år gammal saksofonist frå jazzbyen Pori i Finland. Han har bakgrunn som klassisk klarinettist, men er no i ferd med å avslutte jazzstudia sine ved Sibelius-akademiet, der han også underviser. Perkimki har spelt bl.a. i Pori Big Band og i Umeå Big Band. Han har deltatt på fleire festivalar med sin eigen kvartett, også i Tyskland. Si første LP gav han ut i 1984.

På Vossa Jazz spelar han med ein etablert norsk trio, med musikarar som også framstår i andre band under festivalen, Dag Arnesen på uroppføringa av sitt eige verk, og Bjørn Kjellemyr og Audun Kleive i Jon Eberson Group.

kilde

Bergslipl. 2,
5700 Voss
Tlf. 05-51 28 80

Siviling. Falch, Ringheim og Solberg
Konsulentkontor – akustikk.

Støyreduksjon - Måling - Analyse
Rom- og bygningsakustikk
Kurs. Kunnskapsformidling

Vårt utvalg i noter og plater
er verdt et besøk!
Skriftlig og telefonisk henvendelse
setter vi også pris på!!

MUSIKK-HUSET A/S
KARL JOHANSGT. 45 - OSLO

Tlf. butikken: 42 72 84
Tlf. forlag: 42 50 90

GRAVING
SPRENGING
BETONGARBEID

as Maskinoppdrag
AUTORISERT ENTREPRENØRFIRMA

Rute 4429, 5700 Voss
Tlf. 51 76 49/51 78 50

Moderne Russiske Viser



Isak Rogde



Vladimir Verschinin


Vladimir Verschinins repertoar av russiske samtidviser vil på Vossa Jazz først og fremst dreie seg om den mest berømte, mest elska og mest siterte av alle sovjetiske turbadurar, Vladimir Vysotskij, som døydde i 1980 i Moskva, 42 år gammal. Trass i at styresmakter og presse på den tida så å seie fortidde eksistensen og døsfallet hans, samla gravferda kilometerlange køar.

Vysotskij var også kjend som skodespelar (t.d. som Hamlet på det eksperimentelle Taganka-teateret). Men det er særleg som visediktar og visesongar han vil bli hugsa. Sovjetmakta våga aldri å utstøyte Vysotskij heilt. Difor fekk han lov til å gjere nokre få plateinnspelingar i Frankrike, og fire LPar er gitt ut i Sovjetunionen. Dette representerer berre ein liten del av det materialet som er kjent i heimlandet hans via piratopptak, amatørframføringar og tekstkopiar.

Vladimir Verschinin (f. 1950) vaks opp i Leningrad og har budd i Norge dei siste åra. Han har tidlegare vore gitarist og vokalist i sovjetiske band og har turnert i store deler av Sovjetunionen.

Visene blir presenterte og kommenterte av Isak Rogde (f. 1947), som arbeider som omsetjar av russisk litteratur til norsk.

Ola Bauer



Ola Bauer er ein av dei få etablerte forfattarane her i landet som aldri har gitt ut ei likegyldig bok.
Engasjement og litterært driv går igjen i bøkene hans, frå debut-romanen **«Grafitti»**, som kom ut under pseudonymet Jo Vendt i 1976, til **«Metoden»**, som vart gitt ut i 1985.
Dette gjeld også **«Bulk»**, 1978, **«Humlehjertene»**, 1980 og **«Rosa-penna»**, 1983.
Alle romanane til Ola Bauer er krasse, gode og med brodd, enten det er mot det gode borgarskapet eller mot britisk undertrykkjing i Nord-Irland, (som i **«Rosapenna»**.
Ola Bauer arbeider også som dramatikar. Han har skrive to høyre-spel, **«Mellomkrig»**. sendt i Radioteateret i 1986, og **«Vesper»**, som vert sendt i løpet av 1987.
Eit stykke har han skrive for TV-teateret, **«Sabeltigerens Sønn»** vert sendt der i 88/89.

Les om VOSSA-JAZZ

i

Hordaland

— største lokalbladet i fylket —

NORSK MUSIKFORLAG A/S

Karl Johansgt. 39 a

Stedet for jazzplater og noter.

Vi fører m.a. «Playalong»-plater og Aebersold, Music minus one o.l.

STØRRE OG BEDRE ENN NOENSINNE

Vi sender over hele landet

Norsk Musikkforlag, postboks 1499 Vika, Oslo 1

Telefon (gram.avd.) 02/42 53 67
Telefon (sentr.bord) 02/68 41 40

ERICSSON



INTRODUKSJONSTILBUD
– 20%! NÅ kr. 2.475.–*
Uten armlener kr. 2.125.–* Tilbudet gjelder ut desember *Eks. mva.

DE FLESTE STOLER FORANDRER RYGGEN. DR. ULLMANN FORANDRET STOLEN.

I likhet med de fleste andre leger, ble Johan M. Ullman nedrent av pasienter med ryggplager. Ullman er imidlertid ingen vanlig lege, han er også mannen bak en rekke oppfinnelser innen medisinsk teknikk. Det var derfor ikke så rart at det var nettopp han som valgte å ta pennen i bruk til noe mer fornuftig enn å skrive sykemeldinger. I stedet for å **behandle** ryggplager, gikk han til angrep på en av de viktigste årsakene til problemet – våre dårlige sittevaner. Han ville lage en helt ny stol.

Ingen orker å konsentrere seg om å sitte riktig, mente Ullman. Det vi trenger er en arbeidsstol som automatisk bringer kroppen i riktig sittestilling. Dessuten visste han at ryggen har det best når vi står oppreist. Og han fant ut at «Den Perfekte Sittestilling» er en myte – selv sittende mennesker beveger seg.

Den nye stolen måtte altså gi **oppreist sittestilling** og **muligheter for variasjon og bevegelse.**

For å gjøre en lang historie kort: Ullman tegnet, konstruerte og testet, og nå er stolen i salg hos Ericsson. Det er den sunneste og mest komfortable arbeidsstol vi noen gang har hatt. Vi innrømmer gjerne at formen er litt uvant, men slik blir det altså når ergonomien får avgjøre, ikke motene. Motene skifter tross alt hele tiden – men kroppen skal vare en stund.

Ullmanstolen har fått overveldende respons fra fagfolk på helsesektoren. Det **de** vet og det **vi** vet er samlet i en informativ brosjyre som du får hos forhandleren når du går for å prøvesitte.

Vil du vite mer først, fyller du bare ut kupongen. **Det** er også fornuftig bruk av penn.

ERICSSON

ERICSSON INFORMATION SYSTEMS A/S.
Kobenhavngt. 10, Oslo 5. Telefon (02) 38 65 00

FORHANDLERE:

ALTA: (084) 36 044, **ANDSELV:** (088) 34 170, **ANDENES:** (088) 41 677, **ARENDAL:** (041) 24 132, **ASKIM:** (02) 88 27 71, **BERGEN:** (05) 32 36 30, (05) 32 52 80, **BODØ:** (081) 71 261, **DRAMMEN:** (03) 83 76 35, **ELVERUM:** (064) 12 282, **FAGERNES:** (061) 31 033, **FARSUND:** (043) 90 575, **FREDRIKSTAD:** (032) 17 318, **FØRDE:** (057) 21 087, **GJØVIK:** (061) 72 319, **HAMAR:** (065) 30 322, **HAMMERFEST:** (084) 11 620, **HARSTAD:** (082) 63 664, **HAUGESUND:** (04) 26 685, **HORTEN:** (033) 41 794, **HONNINGSVÅG:** (084) 73 266, **HØNEFOSS:** (067) 22 794, **JESSHEIM:** (06) 97 1890, **KAUTOKEINO:** (084) 56 341, **KLEPPESTØ:** (05) 14 2156, **KONGSBERG:** (03) 73 27 85, **KONGSVINGER:** (066) 14 7-5, **KRAGERØ:** (036) 80 870, **KRISTIANSAND:** (042) 29 624, **KRISTIANSUND:** (073) 71 744, **LAKSELV:** (084) 62 044, **LEKSVIK:** (076) 57 890, **LEVANGER:** (076) 82 605, **LILLEHAMMER:** (06) 25 1893, **LILLESTRØM:** (02) 71 37 80, **MOLDE:** (072) 54 433, **MOSS:** (032) 53 706, **MO I RANA:** (087) 54 689, **MOSJØEN:** (087) 73 055, **MÅLØY:** (057) 51 900, **NAMSOS:** (077) 73 342, **NESBRU:** (02) 84 85 80, **NARVIK:** (082) 42 870, **NOTODDEN:** (036) 11 949, **ODDA:** (054) 42 454, **OSLO:** (02) 46 06 84, (02) 55 24 82, (02) 11 36 34, (02) 57 70 92, (02) 67 30 14, (02) 44 68 88, (02) 37 35 03, (02) 25 89 08, (02) 25 20 63, **PORSGRUNN:** (035) 52 310, **RJUKAN:** (036) 91 186, **RØROS:** (074) 11 07, **PØRVIK:** (077) 90 510, **SANDEFJORD:** (034) 67 139, **SANDNES:** (04) 66 29 72, **SANDNESSJØEN:** (086) 70 960, **SKI:** (02) 87 51 61, **SKIEN:** (035) 24 386, **SOGNDAL:** (056) 71 631, **STAVANGER:** (04) 54 85 80, (04) 53 38 06, (04) 52 39 50, (04) 52 89 80, **STEINKJER:** (077) 62 800, **STORSLETT:** (083) 65 891, **SVOLVÆR:** (088) 71 185, **TILLER:** (07) 88 56 01, **TROMSØ:** (083) 47 500, (083) 84 200, (083) 88 456, **TRONDHEIM:** (07) 52 95 17, (07) 53 14 65, (07) 52 61 40, **TYNSET:** (064) 80 654, **TØNSBERG:** (033) 31 804, **VADSØ:** (085) 53 242, **VINSTRA:** (062) 91 222, **VOSS:** (056) 51 292, **VÅGSBYGD:** (04) 91 211, **ÅL:** (067) 81 385, **ÅLESUND:** (071) 26 094, **ÅNDALSNES:** (072) 21 778

Til Ericsson Information Systems A/S,
Pb. 6663 Rodelokka, 0502 Oslo 5.

JEG VIL SITTE RIKTIG!

[ ] Jeg ønsker besøk av en konsulent i tilbudsperioden.
[ ] Jeg vil vite mer om Ullmanstolen. Send meg informasjonsbrosjyren!

Navn
Firma
Adresse
Postnr./sted
Telefon

Nordisk Jazzsamarbeid

Årets VOSSA JAZZ har flere innslag med musikere og band fra andre nordiske land, dvs. Sverige, Finland og Danmark. Noen av disse kjenner kanskje publikum fra tidligere besøk, mens andre får sin norgespremiere nå.

NORDJAZZ er et samarbeidsorgan for jazzorganisasjonene i de nordiske landene. En av de viktigste oppgavene for NORDJAZZ er å bidra til at man i de nasjonale jazzmiljøene kan bli kjent med nabolandenes jazzmusikere og band.

Ulike former for samarbeid over landegrensene har selvsagt forekommet i mange år, til gjensidig berikelse for musikere og publikum. Utover på 70-tallet skjedde en merkbar økning i utvekslingen av musikere og band mellom landene, også i form av band sammmensatt av musikere fra flere land.

Stiftelsen av NORDJAZZ i 1974 kan ses i sammenheng med den voksende interessen for samarbeid i Norden. NORDJAZZ har siden starten fått midler fra NOMUS (Nemndene for nordisk musikksamarbeid). Men midlene har vært forholdsvis beskjedne, noe som har begrenset NORDJAZZ' muligheter til å bidra til samarbeidet. I årene som er gått, har NORDJAZZ prøvd flere samarbeidsformer: Samling av profesjonelle musikere fra alle fem land, som i noen tilfeller dannet flernasjonale band og gjennomførte turneer, utvalgte band som turnerte i flere av landene, turnestøtte til eksisterende flernasjonale band o.l. I de siste årene har NORDJAZZ funnet det riktig å stimulere de nordiske festivalene til å styrke innslagene med nordiske musikere og band, bl.a. fordi det på en festival kan være lettere å skape den oppmerksomhet som musikerne fortjener. NORDJAZZ er derfor glad for den interessen for nordisk jazz som VOSSA JAZZ har vist med årets program.

I tillegg har NORDJAZZ i lang tid brukt en del av midlene til utveksling av profesjonelle instruktører til amatørorkestre, i første rekke storbandene.

Ved siden av at samarbeid over landegrenser og (ikke minst) hav koster penger, er utviklingen i de nasjonale jazzmiljøene ikke kommet like langt i de enkelte landene. Det gjelder spesielt for Island og Færøyene, som har fått legge opp egne samarbeidsformer innen NORDJAZZ.

VELKOMEN 1988

VOSSA JAZZ

25. 26. 27.MARS

NORDISK JAZZSAMARBEID

En gang i året samles representanter for jazzorganisasjonene til NORDJAZZ-møtet, hvor retningslinjene for kommende års aktiviteter trekkes opp. Selve møtet har dessuten vist seg å være nyttig for utveksling av informasjon og erfaringer, og ellers holde løpende kontakt om ulike spørsmål. Administrasjonen av NORDJAZZ har gått på omgang mellom de landene hvor jazzorganisasjonene har etablert egen administrasjon. Til nå har de administrative oppgavene vært plassert i Danmark, Sverige og Norge og fra i år ha Finland overtatt denne jobben.


NORD JAZZ ønsker VOSSA JAZZ, musikere og publikum lykke til med årets festival, og spesielt gjelder det konsertene med musikere og band fra Finland, Sverige, Danmark og Norge.

Steinar Kristiansen
NORDJAZZ/Norge

SCHIMMEL

-en investering for livet...

Et Schimmel-piano er en investering. Ikke bare i sin verdi, men også som kilde til glede og hygge gjennom generasjoner. Tiden løper aldri fra et kvalitetspiano.



Bergen Pianoforretning

Jon Sørsgrsgt. 9 - 5000 Bergen - Tlf. 23 06 92

VOSS POSTKONTOR

POST BANK GIRO

OPNINGSTIDER

MÅN-FRE:KL 0830-1700
LAURDAG:KL0830-1300

RENTER PÅ

POSTGIRO

En livs- og pensjonsforsikring gjør livet tryggere for mange mennesker.

RIATO J&B



NKP FORSIKRING

NORSK KOLLEKTIV PENSJONSKASSE A.S